



Vigsling av kirkebygg

Alminnelige bestemmelser

1. Når tomten for en kirke er bestemt, kan en på et passende sted reise et enkelt kors og eventuelt henge opp en kirkeklokke, og leilighetsvis holde friluftsgudstjeneste, inntil den nye kirken skal bygges. I samiske områder kan det, i tråd med lokal tradisjon åpnes for særlige praksiser.
2. Grunnsteinsnedleggelse forrettes av biskopen eller den biskopen bemyndiger. Representanter for menigheten, kommunen/byggherren, byggmesteren/hovedentreprenøren og håndverkerne innbys til å ta del i høytideligheten.
3. Ved grunnsteinsnedleggelse mures vanligvis et kobberskrin inn i bygget. (Passende mål på skrinet er: lengde 31 cm, bredde 22 cm og høyde 15 cm.) Dette inneholder gjerne følgende: tegninger av kirken, skriftlig orientering om bygningen, kort orientering fra byggekomiteen, dagens avis, menighetsbladet, salmebok og bibel.
4. Skrinet plasseres helst i gulvet (gjern under stedet for alteret) - enten i grunnmuren eller i utsparing i støpt dekke - eller ved inngangen, eller i et hjørne. Stedet markeres med en liten metallplakett eller steinhelle med innskriften «Grunnstein» og årstallet.
5. Vigsling av kirkebygg, rom og inventar skjer ved at menigheten tar dem i bruk for første gang ved en offentlig gudstjeneste og helliger dem ved Guds ord og bønn. Fra da av er de innviet til bruk i menighetens liturgiske liv.
6. En nybygd eller vesentlig ombygd/ominnredet/restaurert kirke vigsles ved en gudstjeneste på søn- eller helligdag. Gudstjenesten forrettes av biskopen eller den biskopen bemyndiger.
7. Søndagen før vigslingen skal en i alle prostiets kirker under «Forbønn for kirken og verden» be om Guds velsignelse over den forestående handlingen.
8. Kvelden før vigslingen ringes og kimes det en time med klokkene i den nye kirken - som før en høytidsdag - og likedan på vigslingsdagen.
9. Til å assistere ved gudstjenesten, blant annet som tekstlesere, tilsier biskopen prosten og så mange prester som hensiktsmessig, og et representativt utvalg fra soknet.

10. Biskopen anmoder menighetsrådet og representanter for forskjellige grupper i soknet (f.eks. barn, konfirmanter, tilsatte i menigheten) om å delta i prosesjonen.
11. På samme måte avgjør biskopen hvem av deltakerne i prosesjonen som skal bære og plassere de liturgiske gjenstander.
12. Liturgisk farge er rød.
13. Ved vigsling av kirkerom som er del av et flerbruksbygg justeres Ordning for vigsling av kirkebygg etter lokale forhold.
14. Ved gjenåpning av et kirkerom som har vært stengt, men ikke tatt ut av bruk, f.eks. etter restaurering, kan Ordning for vigsling av kirkebygg anvendes på egnede steder i gudstjenesten. Relevante deler av ordningen kan også anvendes når f.eks. nytt instrument eller inventar tas i bruk.
15. Når det feires kirkejubileum, kan en bruke kirkeårets tekster eller tekster fra Ordning for vigsling av kirkebygg.
16. Når et kirkerom ikke lenger skal anvendes til menighetens gudstjenester eller kirkelige handlinger feires gudstjeneste etter Ordning for avvigsling av kirkebygg.

Vigsling av kirkebygg

Allmenne føresegner

1. Når tomt til kyrkje er fastsett, kan ein på ein høveleg stad reisa ein enkel kross og eventuelt hengja opp ei kyrkjeklokke. Her kan ein halda friluftsgudsteneste når så høver, til dess den nye kyrkja kan byggjast. I samiske områder kan ein, i tråd med lokal tradisjon, opne for særlege praksisar.
2. Biskopen eller den han set til det, står for grunnsteinsnedlegginga. Representantar for kyrkjelyden, kommunen/ byggherren, byggmeisteren/hovudentreprenøren og for handverkarane vert innbedne til høgtida.
3. Ved grunnsteinsnedlegging vert eit koparskrin til vanleg mura inn i bygget. (Høvelege mål på skrinet er: lengd 31 cm, breidd 22 cm og høgd 15 cm.) I skrinet ligg det gjerne teikningar av kyrkja, skriftleg orientering om bygningen, kort orientering frå byggjekomiteen, avis for dagen, kyrkjelydsbladet, salmebok, bibel.
4. Skrinet set ein helst ned i golvet (gjerne under altaret) - anten i grunnmuren eller i utsparing i støypt dekke - eller ved inngangen, eller i eit hjørne. Staden vert diskret markert med ein liten metallplakett eller steinhelle med innskrifta «Grunnstein» og årstalet.
5. Kyrkjebygg, rom og inventar vert vigsla når kyrkjelyden høgtidsamt tek dei i bruk for fyrste gong ved ei offentleg gudsteneste og helgar dei ved Guds ord og bøn. Frå då av vert dei innvia til bruk i det liturgiske livet i kyrkjelyden.
6. Ei nybygd eller vesentleg ombygd/ ominnreidd/ restaurert kyrkje vert vigsla ved ei gudsteneste på sun- eller helgedag. Gudstenesta vert forretta av biskopen eller den han set til det.
7. Sundagen før vigsla skal ein i alle kyrkjene i prostiet under «Forbøn for kyrkja og verda» be om at Gud må signa den handlinga som står føre.
8. Kvelden før vigslinga skal det ringjast og kimast ein time med klokkene i den nye kyrkja - som før ein høgtidsdag - og like eins på vigsledagen.
9. Til å assistera ved gudstenesta, mellom anna som tekstlesarar, tilseier biskopen prosten og så mange prestar frå prostiet som han finn tenleg, og saman med dei eit høveleg tal leke representantar frå soknet.

10. Til å gå med i prosesjonen syter biskopen for å få med representantar for soknerådet og ulike grupper i soknet (t.d. born, konfirmantar, tilsette i kyrkjelyden).
11. På same måten avgjer biskopen kven det er i prosesjonen som skal bera og plassera dei liturgiske tinga.
12. Liturgisk farge er rød.
13. Ved vigsling av kyrkjerom som er del av eit fleirbruksbygg, vert Ordning for vigsling av kyrkjebygg justert etter lokale forhold.
14. Ved gjenopning av eit kyrkjerom som har vore stengt, men ikkje teke ut av bruk, til dømes etter restaurering, kan Ordning for vigsling av kyrkjebygg nyttast på høvelege stader i gudstenesta. Delar av ordninga kan òg nyttast når til dømes nytt instrument eller inventar vert teke i bruk.
15. Når det vert feira kyrkjejubileum, kan ein bruke kyrkjeårets tekstar eller tekstar frå Ordning for vigsling av kyrkjebygg.
16. Når eit kyrkjerom ikkje lenger skal brukast til gudstenester eller kyrkjelege handlingar, vert det halde gudsteneste etter Ordning for avvigsling av kyrkjebygg.